

Rudolf Årnes

Hvor lenge-?

Et strå i vinden. En ternes vingekast.
Hvor lenge vil visjonen vare ved?
Hvor mange slektsledd ennå vil få se
en timotei som ikke er av plast?

Må synet kanskje tidsnok holdes fast?
Er dette å få sett et lønnetre
en ting det allerede haster med?
Er ROEN det som virkelig har HAST?

Fremdeles er det der. Vi har en frist.
Før alt som flyr, er automatpilot,
og alt som ser, er datamaskinist.

Fremdeles kan vi la oss gjennomtrengte
av strå og terne. Vi kan ta imot
den nåde som er norsk natur. Hvor lenge?



SMÅSKRIFT 2

SAMLING & SKAPERVERKET



SAMLING OM SKAPERVERKET

OPPROP

Gud skapte — og det var såre godt. Også for mennesket kom inn i bildet . . .

Naturen har egenverdi fordi Gud har skapt den — og ikke bare fordi den er gavnlig for mennesket. Den verdi som delene har, går igjen i helheten i naturen. Økologien forteller om en fint sammensatt balanse, som ikke må røkkes dersom livet skal bestå.

I dag lider naturen større overlast enn noensinne. Mennesket skalter og valter med den etter eget forgodtbefinnende — istedenfor å forvalte den til Guds ære og helhetens beste.

Som kristne bør vi besinne oss på denne situasjon, siden vi som mennesker er satt til å «dyrke og vokte hagen». Mer enn noengang er det nå nødvendig med en

SAMLING OM SKAPERVERKET.

Hensikten med dette oppropet er ikke å skape noen ny naturvernorganisasjon. Vi ønsker å samle vårt arbeid framover langs to linjer: **INFORMASJON** og **INSPIRASJON**. Omfanget vil avhenge av den oppslutning vi får på dette utspill.


Kirsti Birkeland, Oslo — Gunnar Brøvik, Oslo — Sigve Dagstand, Oslo — Øyvind Dahl, Stavanger — Randi Bojer Godal, Bærum — Nils Magnar Grøndstad, Bergen — Tor Grønvik, Hurdal — Reidar Halgunset, Ørkdal — Eva Forsell Halaas og Vidar Halaas, Risøya — Hans Petter Hanssen, Rissa — Alfred Hauge, Stavanger — Inger Helberg, Bærum — Astri Hognestad, Oslo — Tor Holtan-Hartwig, Oslo — Jostein Landrø, Berkåk — Roy Nordbakke, Alta — Harald Olsen, Bø i Telemark — Odd Osnes, Stavern — Hans Eivind Riise, Oslo — Knut Gunnar Sellevold, Hjelmeland — Axel Smith, Asker — Knut E. Sparre, Oslo — Ole Jakob Stækkestad, Stokmarknes — Lyder Johs. Verne, Finnsnes — Egil A. Wyller, Oslo — Oddvar Øieren, Elverum — Sverre og Bodil Aalvik, Alta — Hans Eirik Aarek, Ås.

Om du vil støtte dette initiativet, kan du sende ditt bidrag — stort eller lite — til

SAMLING OM SKAPERVERKET
POSTBOKS 91 7100 RISSA

Postgirokonto nr. 584 9864.
Bankgirokonto nr. 4213.20.27905.

OBS: Du kan selvsagt yte støtte på annen måte enn med penger; ved personlig innsats i en eller annen form.



I skrivende stund...

I et menighetsblad leser vi:

"Det er nødvendig at mennesket våkner opp til en ny respekt for den skapte verden med dens iboende naturlover - forenet med en sunn frykt for å gripe inn i strid med naturen selv."

Dette er så sant som det er sagt. I dag har naturødeleggelsene nådd slike dimensjoner at de fleste begynner å innse nødvendigheten av en forandring. Og nøkkelen til forandringen ligger nettopp i oppvåkningen til en ny respekt for den skapte verden - som i sin tur vil resultere i større varhet overfor skaperverket, og større skepsis overfor menneskelige inngrep. Det er vår oppgave innefor SAMLING OM SKAPERVERKET å forsøke å bidra til en slik utvikling.

Etter 3/4 år i virksomhet kan en så spørre om det virkelig er mulighet for å lykkes i dette. Svaret må bli et lävmælt ja. Den store begeistringens fonn har riktignok ikke løsnet; ei heller har samfunnsutviklingen tatt noen merkbar ny retning. Men det kommer et jevnt tilsig av folk som melder seg som støttepersoner, og disse legger det økonomiske grunnlaget for en ganske utstrakt informasjonsvirksomhet. Arbeidet med Småskrift 3 er alt i gang, og stoff til nye småskrifter strømmer

inn. Levende grupper dukker opp flere steder i landet, og kontakten med den kristne miljøbevegelsen i Sverige er etablert. Det planlegges et kurs i Oslo-området i vinterferien, og muligens et seilkurs med fembøring i Trøndelag til sommeren. En viss foredragsvirksomhet er i gang - spesielt har folkehøgskolene benyttet seg av foredragsholdere innenfor temaet skaperverk og forvaltning. (Nærmere om disse tingene på meldingssidene bakerst i småskriftet).

Vi er glade for å kunne melde om en jevn og naturlig vekst i arbeidet. Mange ting tyder på at en KRISTEN NATUR- OG MILJØVEKKELSE er i utvikling i landet vårt. Om Skaperen er interessert i dette, så vil det skje.

Og til alle som søker INFORMASJON og INSPIRASJON på dette området, kan vi bare si som Tyri-Hans: "Vil du være med, så heng på!" Vel møtt til en SAMLING OM SKAPERVERKET !

- - -

I forrige nr. annonserte vi Roar Strømmes spesialavhandling fra Menighetsfakultetet, med titelen "Teologien i møte med øko-krisa". Den kommer på side 41 - 55.

Intervjuet med Gunnar Breivik er klistet fra SALT (se side 60 - 62).

Vi takker André Bjerke for at vi fikk benytte diktet HVOR LENGE på forsiden.

REDAKSJON AV DETTE NUMMER
Hans Petter H a n s s e n
I L L U S T R A S J O N E R
A n d e r s F æ r e v å g
Småskriftets adresse er:
SAMLING OM SKAPERVERKET
Postboks 91 7100 Rissa

BØNNEN "FADER VÅR" ER KJENT OG BRUKT AV MANGE.
HAR DET RIKTIG GÅTT OPP FOR OSS HVILKEN MEKTIG OG
MERKELIG APPELL SOM GIS I ORDENE:

SKJE DIN VILJE, SOM I HIMMELEN så og på jorden?

av
Randi
Bojer
Godal

FOR EN VISJON !

Ut fra den er SKAPERVERKET gitt oss som et emne. Vi får oppgaven å fullføre Guds vilje med dette emnet. SÅ HIMMELENS RIKE KOMMER PÅ JORD.

Er det SLIK vi mennesker stiller med denne vår klode ? Gjennom massemedia får vi inntrykk av økende KAOS og ULYKKE på så mange områder. ER DEN STORE HAUSTEN NÆR ? spør dikteren Olav Aukrust.

Har vi enda tid på vår jord, så gir likevel hver dag sine muligheter for LYSET.

LYDHØRHET er et vilkår.

La morgenstunden få en STILLHET, så vi ovenfra kan ta imot lys og veiledning for denne dagen, for vårt indre liv og vårt forhold til medmennesker.

KROPPEN vår er også en del av skaperverket. Riktig kosthold og kroppskultur gir liv og glede til den. Er ikke legemet et redskap for barmhjertigheten ?

Har vi en HEIM, kan bønnen gi lys over arbeidet der. HAGEFLEKK og JORDVEG kan stelles utifra de lover skaperen la ned for det som skal gro. Vi unngår bruk av giftstoffer som skader helheten.

DYRENE, våre medskapninger, hva med dem ? Gir vi dem frihet og levelige vilkår, eller sperrer vi dem inne som i fengsel og utnytter dem til økonomisk vinning ?

Vi lever med i et SAMFUNN. Gir vi våre politikere impulser for å verne, ja mer enn det: STYRKE livet for naturen vi er satt inn i ? Gir vi dem mot til å ha langsiktige perspektiver ? - Vi kan være med å påvirke vår personlige stortingsmann til å kjenne ansvar for arbeid for FRED lokalt og globalt.

Utallige er mulighetene for oss til å handle utifra denne bønnen Herren Jesus Kristus lærte oss å be:

Skje DIN vilje - som i HIMMELEN så og på JORDEN.

Vi er REDSKAPENE.


TEOLOGGIEN

I

MÖTE

MED

ØKOKRISA



Nokre tankar
om ei teologisk
naturforståing

Av Roar Strømme

NOKRE ORDFORKLARINGAR TIL STYKKET FINS PÅ S. 54.

Denne artikkelen er eit forsøk på ein kristen refleksjon over vår forståing av og forhold til naturen. Den økologiske krise har synt oss at dette ikkje berre er eit naturvitskapeleg spørsmål. Den har reist så fundamentale spørsmål ved heile vår tenkje- og levemåte at ikkje berre naturvitskapen, men også filosofien og teologien blir utfordra. I vårt heimlege filosofiske miljø har desse problemstillingane satt djupe spor etter seg, og vi har fått ein internasjonalt framstående øko-filosof i Arne Næss. Noko tilsvarande på det teologiske området er det smått med. Ein har nok hatt syn for ressurs- og øko-spørsmål, men det teologiske grunnlaget for vårt engasjement i desse spørsmåla er det blitt arbeidd lite med. Utanfor landegrensene er det særleg amerikanske teologar som har kome med bidrag til øko-teologien. Men mykje av det materialet som desse har presentert er det vanskeleg å gjere seg nytte av då ein arbeider

utfrå ein teologisk tradisjon som er radikalt forskjellig frå den vi står i. Vi vil derfor ikkje strekkje målsettinga vår lenger enn til å få ein oversikt over dei viktigaste av dei problemstillingane øko-krise konfronterar teologien med, og antyda kvar vi må byrje for å kunne møte desse problemstillingane.

KRITIKK AV DET KRISTNE NATURSynet.

La oss fyrst sjå på nokre av dei klagene som er blitt retta mot kristentrua frå økologisk hald.

"Kva folk gjer økologisk sett er avhengig av kva dei tenkjer om seg sjølv i forhold til ting rundt seg. Humanøkologien er svært betingta av kva ein trur er vår natur og vårt mål som menneske - dvs. av religion," 1) skriv historikaren Lynn White jr. i ein mykje omtala artikkel om dei historiske røtene til den økologiske krise. Den økologiske krise har, etter White si

meining, eit religiøst opphav. "Meir vitskap og meir teknologi vil ikkje bringe oss ut av den økologiske krisa før vi finn ein ny religion, eller gjennomtenkjer vår gamle religion på nytt," 2) seier han. Den australske biologen Charles Birch gjev uttrykk for eit liknande synspunkt, og seier med tilslutning til Ernst Schumacher at "vi lid av ein metafysisk, ikkje berre teknisk veikskap" 3) White meiner at rota til denne metafysiske veikskapen ligg i den tradisjonelle kristne teologien. Han hevdar at kristendomen sin siger over heidenskapen tydde ein psykisk revolusjon i antroposentrisk retning. Medan ein i antikken trudde at kvart tre, kvar foss osb. hadde si verneånd, desakraliserte kristentrua naturen og



la den open for utnytting og øydeleggjing. Her heime har Johan Galtung gjeve uttrykk for eit liknande synspunkt. Han klagar kristendomen for deanimering av naturen, og seier: "Ein natur utan sjel er lett å øydeleggje, ein natur med sjel er ein som inviterar til hopehav, respekt, jamvekt." 4)

Men White klagar ikkje kristendomen berre for å "tingliggjere" naturen, men og for å heve mennesket opp til ein posisjon som herskar og herre over den. Han tolkar skapingsforteljinga slik at alt blei skapt berre til mennesket

si nytte, og at kulturoppdraget (Gen. 1,23) er ein ordre om å utnytte naturen. Kristendomen gjer såleis mennesket til ein utbytar av naturen i staden for å vere ein del av den.

Eit anna ankepunkt for White er den bibelske tids- og historieforståinga. Skapartrua inneber eit brot med det sykliske tidsperspektivet i antikken, og opnar vegen for ei tru på framsteget. I den vestlege viljeorienterte teologiske tradisjonen la dette grunnen til eit kvilelaust jeg etter å beherske naturen i større og større grad, slik vi kjenner det i det moderne industrisamfunnet.

Det kunne vere ein del å seie til White si framstilling frå ein historisk synsstad 5). Særleg er det vel grunn til å spørje om ikkje han overvurderar teologien si betydning for den teknologiske utviklinga. Men vi vil likevel ha i mente desse tre hovudpunkta hos White: Desakraliseringa av naturen, mennesket si særstilling og det lineære tidsperspektivet.

DEN TEOLOGISKE MARGINALISERINGA AV NATUREN.

For White er ikkje berre rota til øko-krisa religiøs, løysinga må vere det også. Men han finn inga støtte for ei slik løysing i den dominerande vestlege teologien. I staden lanserar han sitt eige alternativ med pan-psykisme som det berande elementet. Dette meiner han forresten å finne kyrkjeleg støtte for hos Frans av Assisi.



Men la oss no forlate White og sjå litt nærare på det natursynet som pregar vår teologiske tradisjon. Er det verkeleg så negativt frå ein økologisk synsstad som ein her får inntrykk av? Ein skal ikkje arbeide mykje med dette spørsmålet før ein støyter på den ontologiske dualismen som har prega vårt vestlege åndsliv alt frå Descartes skilje mellom *res extensa* og *res cogitans* 6). Innanfor denne dualistiske modellen blir det eit skarpt skilje mellom mennesket si indre oppleving og den ytre naturen 7). Den ytre naturen er naturvitskapen sitt domene, medan religionen høyrer heime i menneskets oppleving. Dette medfører at det skapings-teologiske heilskapssynet som vi t.d. kjenner frå Luther raknar, og natursynet misser kontakta med religionen. Den klassiske utforminga av denne ontologiske dualismen finn vi hos Kant. Ein har såleis tala om ein kantiansk arv innan vår teologiske tradisjon som i stor grad har bestemt kva som har falle innanfor og utanfor det teologiske interessefeltet. Dette har ført til at naturen har blitt teologisk marginalisert. Den er ikkje lenger "skaparverket", men fyrst og fremst materiale for den menneskelege aktiviteten. Innan eit slikt instrumentalt natursyn må dei kvalitative aspekta ved naturen vike for dei kvantitative. Det kvalitative høyrer heime i mennesket si indre oppleving, og ikkje i den ytre naturen. Såleis blir verdi-spørsmålet antroposentrert. Ein kan ikkje lenger tale om at naturen har ein verdi i seg sjølv. Dette mekanistiske natursynet gjer naturen død og kvalitetslaus, og gjev den berre verdi i den forstand at mennesket kan bruke den til å fremje det gode.

Det økologisk katastrofale ved eit slikt natursyn er at det fangar naturen inn i kategoriar som opnar for utnytting av den, medan kategoriar som bremser for ei slik utnytting blir uteletne. La oss ta



eit døme: Forheld vi oss reint kvantitativt til ein foss, vil vi oppfatte den i kategoriar som vassføring, fallhøgde, potensiale for hydro-elektrisk energi o.l. Nettopp desse kategoriane opnar for utnytting og øydeleggjing av fossen med dei økologiske skadeverknadene som det medfører. At fossen gjev fred i sinnet, at den fyller oss med undring, for ikkje å snakke om at den talar til oss om Guds skaparmakt, let seg ikkje oppfange i desse kvantitative kategoriane. Men nett desse aspekta ved vår oppleving av fossen er det jo som verkar som bremser på vår iver etter å utnytte den.


Til dette instrumentale natursynet svarar ein antroposentrisk teologi. Det er moralen som fyrst og fremst er Guds domene. Her har ein funne eit fri-område som naturvitskapen ikkje herskar over. Her blir det altså plass til Gud. No kan ein nok hevde at ikkje minst eksistensial-teologien, som jo i stor grad dominerar den vestlege teologien, også har fortrengt Gud frå moralen sitt område. Men innan denne teologien er det likevel noko som i siste instans er av moralsk karakter, nemleg avgjerda, som er tilknytingspunktet til Guds-trua.

Spørsmål som er knytte til naturen, særleg livs- og døds-problematikken, blir tilsvarande marginaliserte.

Denne "frigjeringa" av livsområde frå Guds domene er mest konsekvent gjennomført innan den såkalla sekulariserings-teologien. Her blir denne frigjeringa gjort til sjølv evangeliet sitt innhald. Det er interessant at det er nett i denne tradisjonen vi finn den teologen som gjerne blir dregen fram som skrekk-døme i økologisk samanhang, nemleg forfattaren av "The Secular City", Harvey Cox. For Cox har det ukultiverte ingen verdi. Det er berre dødt stoff som ligg og ventar på at mennesket skal gje det meining. Som ei fylgje av dette, og i ei samanblanding av regimenta, forstår han urbaniseringa som Guds-rikets vekst 8). Den

eit teologisk forsvar for det teknokratiske urban-samfunnet si natur-øyding. Det er tydeleg at her er det bibelske materialet blitt omtolka i tråd med ei forforståing som er utvikla på reint sekulære premisser. Bibelens tale om avsakralisering av naturen og mennesket sitt kulturoppdrag er blitt til sekularisme og miljøøyding.

Det einaste verkeleg radikale forsøket på å bryte med denne antroposentriske tradisjonen er det den såkalla dialektiske teologien som representerar. Den fremste representanten for denne teologien er Karl Barth. Ein skulle tru at ein her ville finne eit natursyn som var meir positivt frå ein økologisk synsstad. Men her kjem Barths ra-



moderne storbyen i stål og betong der mennesket møter resultatet av sin eigen aktivitet kvar det vender seg, blir sjølv symbolet på sann humanitet. Som døme på korleis Cox set dette i samband med evangeliet kan det nemnast at han knyter den kristne sin fridom frå lova og frå stadbunden kult til storbylivets mobilitet og anonymitet. 9) Det er interessant at Cox tek utgangspunkt i den kristne skapartanken, som han tek til inntekt for ei frigjering frå ein religiøs interpretasjon av naturen. Men det han endar opp med er altså

dikale oppgjer med alt som smakar av naturleg teologi i vegen. Her trugar skapingsteologien med å gå opp i soteriologien. Skaparverket har ingen eigen verdi, men tek imot verdien sin frå forløysinga. 10) Skapinga er såleis berre at staden for soga om nådepakta blir oppretta. Naturen blir kulissar for Guds frelsesdrama. H.P.Santmire går så langt at han karakteriserar Barth som agnostikar når det gjeld mennesket sitt tilhøve til naturen. 11) Naturen fell utanfor blikkfeltet og blir ignorert.

Dette vesle teologihistoriske utblikket er sjølvsagt svært omtrentleg og lite nyansert. Men det er interessant i vår samanheng fordi det syner at vi slit med eit "kantiansk problem" i teologien som blir opplevd særleg smerteleg når vi skal prøve å vinne fram til ei teologisk naturforståing. Moderne teologi har fråkjent Guds ord karakterer av relevant lære om naturen. Det høyrer heime i "eksistensen", heiter det. 12) Naturen er berre middel eller materiale. Den ytre verda er ei "bruksverd", eller representerar ei freisting til å gjere det relative til absolutt, som det heiter hos Bultmann.



GUD OG NATUREN.

a) Desakralisering og sekularisering.

Det bibelske natursynet er tufta på at naturen er skapt av Gud. Den er korkje guddommeleg eller ein emanasjon av guddommen. Særleg i det gamle testamentet er det lagt stor vekt på dette, fordi ein var sterkt pressa av fertilitet- og astralkult i samtida. På ulik vis blei naturen gjenstand for kult mellom grannefolka. Skapingsforteljinga i Gen. 1-3 har ein tydeleg front mot eit slikt sakralt natursyn gjennom understrekinga av Guds suverene makt over det skapte ved frambringinga og ordninga av verda. Dyr, planter og himmelkamer er ikkje autonome, men tenar Guds føremål. Også gjennom profetane sin kamp mot Baal-kulten og ved historiseringa av jordbruksfestane distanserar ein seg frå ei "naturalistisk" gudstru. I det nye testamentet er at dei "dyrka det skapte i staden for Skaparen" grunnen til Guds dom over heidningane.

Kristendomen sitt desakraliserte syn på naturen står i sterk kontrast til dei formene for mytisk naturforståing som vi finn i mange ikkje-kristne religionar, og som gjerne blir hevda å vere langt meir positiv frå ein økologisk synsstad. I desse religionane er skiljet mellom mennesket, naturen og det guddommelege svært vagt.

Kvar skal vi så vende oss for å få hjelp til ei rett teologisk naturforståing? Den danske teologen Ole Jensen, som med ein voldsom intellektuell og moralsk intensitet har påpeika kor "øko-fiendsleg" vår moderne vestlege teologiske tradisjon er, har teke utgangspunkt i det han kallar "den moralsk-fornuftige kjensla". Til tolkinga av denne kjensla vil han ta poesien til hjelp. Men samstundes seier han: "Men også tradisjonen gjev oss hjelp til den naudsynlege kritikken av vår haldning til naturen. Eg tenkjer her på den "ikkje-amputerte" skapings-teologiske tradisjonen." Det er i denne "ikkje-amputerte" skapings-teologien vi må ta utgangspunkt om vi skal komme fram til ei naturforståing på teologisk grunnlag. På bakgrunn av det som no er sagt vil vi utfrå den bibelske skapings-teologien prøve å fokusere dei problemstillingane vi har henta frå Lynn White jr., samstundes som vi har eit utblikk mot alternative forståingar som er blitt målborne i den økologiske debatten.

Her opplever mennesket seg sjølv som ein del av naturen, samstundes som det opplever den ytre verda i seg sjølv. Det sjelelege er ikkje noko spesifikt for mennesket. Alt er besjela, anten det no er tenkt pan-psykistisk eller animistisk. Utfrå denne tankegangen krevst det ei moralsk legitimering for å ta i bruk naturressursane. Naturen ligg ikkje utan vern slik at den kan takast i bruk utan vidare. Rovdrift og andre alvorlege inn- grep i den økologiske balansen blir ikkje berre sett på som uhel- dig, men som vanhelging.

Dette natur-synet har naturleg nok appellert til mange miljøforkjempa- rar, og vi finn innslag av pan- psykisme eller pan-theisme hos svært mange øko-filosofar og øko- teologar. Vi har alt vist til Whites pragmatiske pan-psykisme. Frå den heimlege øko-debatten kjen- ner vi Arne Næss sin "økosofi T". Næss byggjer på ein einskapsfiloso- fi av spinozistisk type med trekk frå indisk religion og filosofi. Rett nok seier Næss at "økosofi er en art filosofi og ingen religion", men tilknytninga til Spinoza, som hevdar at det guddommelege er i tinga, og vekta på menneskets nær- ast mystiske identifisering med naturen, peikar i retning av eit tilnærma religiøst natursyn. 14) Naturomgrepet blir så vidt at det nærmar seg eit guds-omgrep.

James Cobb har levert ein teolo- gisk versjon av dette natursynet. Intensjonen hos Cobb, som hos einskaps-filosofane er å sikre naturen ein eigen-verdi uavhengig av menneskeleg nytte-tenkjing. Cobb står i ein prosess-teologisk tradisjon og har eit guds-omgrep som synest å dekkje dei livsfrem- jande prosessane i øko-systemet. Guds transendens blir borte, og Guds-omgrepet gjer helst teneste som eit diviniserande interpreta- ment av naturen.


(Ei slik resakralisering av natu- ren må vi sjølv sagt avvise. Her har noko gudgjeve teke Guds plass. Teologar frå vårt eige teologiske miljø har da også i til dels skar- pe ordelag teke avstand frå ei slik naturforståing. 15) Men spørsmålet er, når vi i så liten grad når ut med eit heilskapeleg skapingssyn, om det er rett å ret- te skytset mot dei som ynskjer å røyse skansar mot vår naturøydning, sjølv om vi er usamde i det grunnsy- net dei arbeider utifrå. Vi veit jo at dei sterke økonomiske kref- tene i samfunnet dreg i motsatt lei. Ein sekularisert skapings- tanke passar som hand i hanske for økonomien i industrisamfunnet. Her er skaparverket lausreve frå Skaparen og forvaltaroppdraget frå oppdragsgjevaren. Dette har opna vegen for ei ein-dimensjonal nytte- og brukar-haldning som leier til ei kortsiktig og respektlaus utnytting av naturen. Det kan vere grunn til å gje Gaute Gunleiksrud rett når han seier: "Skapertanken er bare meningsfull så lenge skapning og skaper opplevs som et hele. Det sekulariserte verdensbilde er fat- tigere og farligere enn det pante- istiske verdensbilde". 16)

b) Naturen er Guds gode skaping.

Naturen er ikkje Gud uvedkomande. Den er skapt av han og tilhøyrer han. Fylgjeleg er naturen heller ikkje noko gudsfjendsleg som men- nesket skal fri seg frå. Det nye testamentet har såleis ein klar front mot gnostisismens natur- forakt. "Jorda og alt det som fyl- ler henne høyrer Herren til." Likevel dukkar det stadig opp slike dualistiske tendensar i teologi- historia. Antroposentreringa inn- an teologien har ført til ei til- svarande lita interesse for den

ikkje-personlege delen av skapar-
verket. I tillegg har ein gjerne
fokuserert menneskets åndelege side.
Denne spiritualiseringa står i
skarp kontrast til det bibelske
vitnemålet både i det nye og det
gamle testamentet. Her blir heile
verda sett i direkte og umiddelbar
relasjon til Gud. Såleis viser
Jesus til naturen for å illustrere
Guds omsorg. Særleg interessant
er det å merke seg Ps. 104, der vi
ser korleis naturkunnskapen, som i
Israels omverd var nøytral "viten-
skap", ikkje blir isolert frå trua
si sfære, men får salmisten til å
bryte ut i undring og lovprising.
Til forskjell frå mennesket i det
moderne industrisamfunnet opplever
han ikkje naturen som skild frå
Gudsopplevinga. Det vil ikkje seie
at naturen blir eit kultobjekt, men
naturen får ein viktig funksjon som
middel for openberringa av Guds
herlegdom.

Uavhengig av openberringa i skrifta
har mange økologisk inspirerte for-
fattarar og vitskapsmenn gjeve ut-
trykk for ei tilsvarande oppleving
av at naturen blir transparent for
det guddommelege. Santmire talar
såleis om at mennesket i sitt møte



med naturen kan oppleve "kjensla av
guddommen sitt nærvær". 17)
Vi må ikkje i vår iver etter å
understreke Guds transendens blankt

avvise realiteten i ei slik opple-
ving, men vi må gjere klart kva
begrensingar ei slik guds-erkjenn-
ing har. Vi må med Luther kunne
tale om at naturen ber Guds stem-
pel, utan at vi forvekslar kunst-
naren med verket. Naturen kan
ikkje syne oss Guds kjærleik slik
den møter oss i Jesus Kristus, men
berre gje oss aning av Guds skrøm-
elege majestet. For den kristne
blir naturen eit vitnemål om Guds
herlegdom og gjev ikkje grunn til
avgudsdyrking, men til lovprising
av Gud som skapar. Til dette kan
vi i vår uttrykks-fattigdom låne
ord i mange av dei bibelske sal-
mane, der vi ser korleis naturopp-
levinga er integrert i truslivet.

At naturen er eit lovprisingsemne
i kristentrua føreset at den er
fundamentalt "god", - ikkje i
gresk forstand som statisk full-
komen, men som tenleg frå Guds
hand. I skapingsforteljinga blir
det lagt stor vekt på dette, og
det er også reflektert i det nye
testamente. "Alt det Gud har skapt
er godt." Men dette kan ikkje for-
ståast i tråd med det moderne uti-
litaristiske natursynet, der natu-
ren berre har verdi så lenge den
kan brukast til noko av mennesket.
Frå ein bibelsk synsstad har ikkje
naturen berre ein instrumental
verdi, men ein ontologisk verdi.
Denne verdien er forankra i Gud
som skapar. Vi kan såleis seie at
naturen har ein "framand" verdi.
I fylgje skrifta er det altså ein
relasjon mellom naturen og Gud som
ikkje går via mennesket.

Dette inneber at vi, liksom det er
blitt gjort frå øko-filosofisk
hald, må stille oss skeptiske til
ein tradisjonell utilitaristisk
natur-etikk. I staden for den
gjengse antroposentriske aksiolo-
gien må vi sette fram ein teosent-
risk aksiologi der naturens verdi
er avleidd av Skaparen. Dermed
vil vi også distansere oss frå
prosess-teologiens forsøk på å
gje naturen eigenverdi ved å til-


legge den subjektivitet. Denne prosess-teologiske løysinga er illustrerande for kva vanskar ein kjem i dersom ein avstreifer verdispørsmålet. Resultatet blir at ein prosjiserar sine menneskelege følelsar inn i naturen og på den måten frårøvar den sin eigenart.

Om vi forankrar naturen sin "eigenverdi" i Guds skaparvilje kan vi og fasthalde at den er fundamentalt "god" utan å fornekte at den er tvetydig. Vi veit jo at naturen også kan spreie død og ulukke mellom menneska. Dette kjem ein dårleg til rette med innanfor dei ulike variantane av ei monistisk naturforståing som "naturmystikarane" gjerne hamnar i. Utfrå openberringa i Skrifta er dette vonde aspektet ved forholdet vårt til naturen ei fylgje av fallet og rokkar såleis ikkje ved den gud-gjevne verdien som den har. Dermed er vi og frigjorde til ikkje å neglisjere vondskapen, men til aktivt å bekjempe den som noko som står Gud imot.

MENNESKET OG NATUREN.

- a) Naturen er menneskets medskapning.

Mennesket er skapt inn i ei verd av medskapningar og kan ikkje isolerast frå desse. Skapingsforteljinga legg såleis vekt på at mennesket er kome av jorda og er i sin eksistens knytt til denne. Det er illustrerande for Bibelens syn på det nære forholdet mellom mennesket og naturen at menneskets fall også får konsekvensar for naturen. No er det vel rettast å forstå desse "naturendringane" som relasjonendringar, men likevel syner dette trekket ved syndefallsforteljinga at menneskets livssituasjon ikkje kan tenkjast isolert frå naturen. Også den upersonlege delen av skaparverket sukkar etter forløyninga saman med mennesket.




Såleis er det naturleg for salmisten også å la naturen ta del i frelsesjubelen.

Lagnadsfelleskapen og solidariteten mellom mennesket og naturen blir også i Bibelen understreka av dei lovene som blir gjevne for å verne om plantar og dyr. Naturen er såleis ikkje sett utanfor etikken sitt område slik den i stor grad er blitt det i moderne tid. Sabbatsbodet illustrerar dette særleg godt. Også naturen skal få kvile saman med mennesket.

- b) Mennesket er forvaltar av naturen.

Mennesket står i ei særstilling mellom skapningane fyrst og fremst ved at det er skapt i Guds bilete, og ved det oppdraget Gud har gjeve det overfor den ikkje-personlege delen av skaparverket. Mennesket skal vere Guds statthaldar på jorda og forvalte det skapte etter



Guds vilje. Utfrå eit skapings-teologisk heilskapssyn må det tyde at vi er sette til å fremje livet på jorda på ein slik måte at vi ikkje søkjer vårt eige, men handlar utfrå det som er best for heilskapen. Mennesket skal såleis vere ei reiskap for Gud i hans creatio continua. Fylgjeleg kan det ikkje vere ei oppgåve for oss å støtte opp om det moderne mennesket si begrensing av det fantastiske mangfaldet i naturen. Dette mangfaldet har jo Gud sjølv signa. Undringa og jubelen til den fromme i Ps. 104 (jmf. Job 36-38) over kompleksiteten i biosfæren står i skarp kontrast til den antroposentriske nytte-tankegangen som pregar industrisamfunnet, der mangfaldet må vike for det målrasjonale, noko som resulterer i utrydding av "u-nyttige" plantar og dyr og oppretting av enorme økologisk sårbare



mono-kulturar. Menneskets innsikt i det økologiske samspelet er begrensa, og vi har ofte ikkje oversyn over kva fylgjene av eit naturinngrep blir på lang sikt. Denne kompleksiteten skulle fylle oss med undring over at vi er blitt tiltrudde oppgåva som forvaltarar, og gjere oss audmjuke innfor kulturoppdraget.

"Naturen er ingen kjøkkenhage," minner Arne Næss oss om. 18) Den menneskelege tilliten til prognosar og evne til manipulering må balanserast av ein respekt for at vi står overfor noko som er den

all-vise Gud's verk. Den "vi veit best"-haldninga som forståinga av øko-krisa som eit teknologisk problem kviler på, vitnar ikkje om ei slik respekt. Like eins målber den ei grunn forståing av mennesket sin trong til å bruke sin manipuleringssevne til eige beste. Det er vanskeleg å skjone korleis ein kan halde fast ved ein slik optimisme når ein ser kor lite alvorleg økologane sine åtvaringar blir tekne av dei som har økonomiske interesse av eit storforbruk. Profittjaget får ein til å late att augene for det faktum at der er grenser for voksteren.

At naturen set sine eigne grenser for utnytting fører også til at vi må ta omsyn til dei komande generasjonane i vår naturbruk. Også desse skal ha naturen som sitt livsgrunnlag og har rett til å oppleve den som medskapning. Vi kan heilt eller delvis avskjere dei frå dette ved at vi øydelegg naturens reproduksjonsevne og ved vår "menneskeleg-gjering" av naturen. Ein slik kortsiktig og ego-sentrisk naturbruk er sjølvsagt etisk forkasteleg. Når vi er sette til å fremje livet, gjev dette oss også eit ansvar for dei som kjem etter oss.



Gudbiletlikskapen og kulturoppdraget synest å gje mennesket ein voldsom autoritet over naturen, noko som kristentrua er blitt mykje kritisert for. Vi har då også sett at White finn ei av røtene til den økologiske krisa i nett denne tankegangen. Utfrå den tol-

kinga av Bibelens bestemming av menneskets posisjon overfor naturen som vi har skissert her, kan vi vanskeleg sjå at det er i den bibelske budskapet feilen ligg. Vi må med H. Fritschze seie at "det er ikkje den bibelske tradisjonen si skuld, men den konkrete ulydnaden til menneska".19)

Det er når mennesket tek saka i sine egne hender og gløymer at naturen er Gud's og at bruken av den er underlagd Gud's lov at både mennesket og naturen blir truga. Det er berre ved ein grov misbruk av den kristne skapartanken, slik som vi har sett H. Cox gjer, at ein kan legitimere det teknokratiske hominiseringsidealet som pregar vår kultur.


Ein fare for misbruk av bibelsk autoritet ligg i det faktum at særleg i det gamle testamentet er fronten klarast mot at naturen skal få makt over menneska. Når vi skal utmynte kva dette tyder for oss må vi ta omsyn til at den bibelske budskapet er tala inn i ein situasjon der mennesket er den svake part og lever i ein stadig kamp mot naturkreftene. I dag er situasjonen på mange måtar omsnudd. Det er naturen som er den underlegne. Utfrå kristen etikk er det den svake som fyrst og fremst har krav på vern og omsorg. I vår situasjon må dette få konsekvensar for natur-etikken. Det tyder ikkje at vi skal gje naturen ein høgare status enn mennesket, eller at vi skal operere med ein fullstendig egalitet mellom den personlege og den ikkje-personlege delen av skaparverket. I dei mange situasjonane der det er konkurranse om livsgrunnlaget må mennesket ha prioritet. Noko anna ville vere djupt inhumant og i strid med kulturoppdraget. Men i vår kultur er det nok ikkje så stor fare for at ei slik "likestilling i biosfæren" skal slå igjennom. Det er nok større fare for eit slaveri under tinga i form av vår tids praktiske materialisme. Denne hangen som mennesket har til å dyrke det skap-

te framfor Skaparen bekjempar vi ikkje ved å devaluere skaparverket, men ved å forkynne lov og evangelium slik at det avgudsdyrkande mennesket kjem til tru. Eller som G. Wingren seier det: "Det som i avgudadyrkan tilbedjes er i regeln ej något ont utan i stället något gott, något av Gud skapat. Det forkastelige ligger ej i världen utan i mennesket som tilbedjer. Den akt som bringer det falska tillbedjandet av det skapade att upphöra, alltså trons akt, stöter blitt ifrån sig det falska tillbedjandet, men icke det skapade själv, som er gott och av Gud givet." 20)

H I S T O R I A O G N A T U R E N

a) Det eskjatologiske håpet og framstegstrua.

Vi har sett at m.a. L. White hevdar at det kristne historiesynet har medverka til den økologiske krisa. Historisk tenkjing, slik vi kjenner den i vår eigen kultur, er i stor grad sprungen ut av ein jødisk-kristen tankegang. I det før-kristne Europa var historieskriving lagnads-skildring som skulle lære menneska dei evige sanningane. Alt som skjedde var uttrykk for det allmene - det konstante. I fylgje denne tankegangen skjer det eigentleg aldri noko nytt. Alt er gjentakingar. Historia er cyclisk. Den bibelske tankegangen er heilt annleis. Her ligg framtida ope for det nye. Historia har ei byrjing og ein ende. Den er lineær og er på veg mot eit mål. Mennesket er ikkje dømt til eit evig krinslaup.



I dette bibelske synet har ein sett opphavet til den rastlause vestlege aktivismen, der mennesket stadig er på veg mot nye mål. Såleis er kristentraua både kapitalisme-førebuande, teknologi-førebuande og vitskaps-førebuande er det blitt hevda.21) Mot dette har ein sett den tradisjonelle austerlandske tidsopplevinga, der vekta ligg på stabilitet og kontinuitet. Her er livsforma prega av kontemplasjon framfor rastlaus aktivitet. Denne austlege tidsforståinga og livsforma har mange innan den økologiske rørsla sett på som førebiletleg. Norske økofilosofar har såleis henta inspirasjon for si tenkjing gjennom studiar av sherpafolk i Nepal. Hos desse menneska er ikkje idealet å underleggje seg verda og føre den fram mot eit mål, men å kome i harmoni med den opphavelege samklang i tilveret. Ein vender seg mot det opphavelege, ikkje mot det som skal kome. Såleis kan ein taoist seie: "Vegen til velsigning er ikkje ved noko slags aktivitet å bringe naturen i samsvar med mennesket sine ynskjer, men ved rein passivitet å vere i samklang med universet." 22)

Distansen til den moderne vestlege tankegangen er stor. Den jødisk-kristne skapartanken og det kristne håpet har nedfelt seg i ei tru på framsteget. Korleis det kristne historiesynet er blitt sekularisert i vår kultur ser vi kanskje tydelegast i marxismen, der mennesket er skapar av si eiga ideale framtid. Ei slik sekularisering er vi ikkje ukjende med innan teologien heller. Den moderne se-

kulariserings-teologien, som særleg blomstra på 60-talet, må bedømmast negativt også frå ein økologisk synsstad. Den fremja ein teknologisk triumfialisme der ein i ein slags "framstegsrus" gav den uhemma teknologiske utviklinga teologisk legitimitet. Ein liknande kritikk må gjerast gjeldande overfor dei såkalla "håps-teologane", som J. Moltmann 23) og C. E. Braathen. Desse søkjer å integrere det kristne håpet i ein ny-marxistisk tankegang, som ein i stor grad har henta inspirasjon til hos Ernst Bloch. Såleis får den kristne eskjatologien her ein liknande funksjon som utopien i ny-marxismen. Denne "christliche utopi" er absolutt og relativiserar alle framsteg. På den måten driv den menneska vidare mot stadig nye mål. Alt noverande har noko førebels ved seg. Det ubetinga gode ligg i framtida.

Styrken ved denne teologien er at den tek lidinga og nauda i den herverande verda på alvor. Det kan slett ikkje seiast om dei som preikar harmoni og passivitet, og ofte heller ikkje om dei som står for ein statisk ordnings-teologi. Håps-teologane vil gje det lidande mennesket "framtid og håp", og motivere det til å bryte opp og gje seg på veg mot ei betre framtid i staden for passivt å akseptere det noverande.


Problemet er at ein kjem til å døme om det herverande og gjevne på ein einsidig negativ måte. Det som "er" og "var" er negativt - det som kjem er positivt. Det blir ikkje rom for det skapte og ukultiverte som noko fundamentalt godt. Dette er eit element som ein tek med seg frå ny-marxismen. Det er ikkje tilfeldig at E. Bloch trykkjer gnostikaren Marcion til sitt bryst. For kjettaren Marcion var skapar-guden ulik frelsesguden

som skulle frelse oss frå den vonde skapte verda. 24)

Dette tyder ikkje at vi må halde den kristne eskjatologien fullstendig utanfor natur-etikken. Det fører gjerne i praksis til ein statisk ordnings-etikk der ein slår seg til ro med tinga som dei er. Men håpet må ikkje bli sekularisert til ei formal "drivkraft" i etikken, men må fyllast med eit bibelsk innhald. På den måten kan det gje ordningane ein dynamikk utan at ein dermed hamnar i svermeriet. Ei sekularisert utgåve av det kristne håpet blir gjerne berre ei allmen framstegstru som ein kan bruke til å fremje ei utvikling som er bestemt på sekulære premisser. I vår samanheng må vi seie at ordningane skal fremje ein menneskeleg respekt for og solidaritet med naturen. Det dynamiske elementet i naturetikken skal såleis drive oss til stadig å søkje etter måtar å bruke og relatere til naturen på som reflekterer vår forståing av den som medskapning ventande på fullendinga saman med oss.

b) Historia er skaparverkets historie.

Vi har peika på at den naturvitenskapelige revolusjonen og den kantianske filosofien fremja eit mekanistisk deterministisk natursyn. I naturen var det ikkje noko rom for tids- eller historiekategorien. Historia blei fylgjeleg menneska si historie. Kombinert med kristentrua si vekt på Gud som herre over historia førte dette til at naturen fall utanfor såvel det historiske som det teologiske perspektivet. Vi har sett at dette synet framleis er dominerande i den vestlege teologien. Naturen tenar berre som scene eller kulisser for eit drama der Gud og mennesket er aktørar. H.P.Santmire seier det så sterkt som at i denne teologiske tradisjonen er naturen



"...berre som scena for historia om det guddommelege og menneska. Den er inkludert i det teologiske systemet sekundært og berre i den grad Gud treng ein stad til å skape si historie med menneska. Naturen er ein slags attpåsleng frå Guds side." 25)

Vi tangerar her kompliserte historie-filosofiske problemstillingar som det fell utanfor vår oppgåve å drøfte. Men vi kan i alle høve slå fast at denne antroposentriske historie-forståinga representarar eit brot med den reformatoriske tradisjonen der ein utfrå ein teosentrisk posisjon understreka at menneska si historie ikkje kan løysast frå naturen, utan at ein dermed let mennesket gå opp i naturen. Reformatorane tenkte ikkje på Gud og menneska som "frittsvevande", men som intimt knytte til heile den skapte verda i si historie. 26) Den moderne livsforma, som fører til at ein opplever seg som uavhengig av både Gud og naturen, gjer det stadig vanskelegare for oss intuitivt å fasthalde ei slik historieførståing. Dette gjer det desto viktigare at vi er "natur-inkluderande" i forkynninga og i kyrkja sitt liturgiske liv.

Men vi må og avgrense oss overfor ei historiefornektande tenkjing, som t.d. eit Darwin-inspirert biologistisk syn på natur og historie, der historia går opp i naturen. Det same gjeld mykje austleg inspi-


rert tenkjing der historia er ein del av den guddommelege naturen, og er bunden av dei sykliske naturlovene. Dette er ein tankegang som vi finn fragment av innan den økologiske rørsle. Ein slik naturalisme reduserar mennesket til eit avansert dyr og tek frå det evna til sjølv-transcendens og ansvaret for sitt eige liv og si eiga framtid.

